



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

St.prp. nr. 17

(2008–2009)

Om endringer i statsbudsjettet for 2008 m.m. under Fiskeri- og kystdepartementet

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 14. november 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Om endringer i statsbudsjettet for 2008 under Fiskeri- og kystdepartementet

Kap. 1020 Havforskningsinstituttet

Post 01 Driftsutgifter

I samband med statsbudsjettet for 2004 vart det foreslått å etablere eit nytt selskap, Mariculture AS. 2,2 mill. kroner av løyvinga til etablering av selskapet var knytt til lisensinntekter frå sal av forskningsresultater ved Havforskningsinstituttet. Som følge av blant anna prosessen knytt til etableringa av forskningskonsernet Nofima AS, vart selskapet ikkje etablert. Løyvinga kunne ikkje overførast, og lisensinntektene vart derfor trekte inn i statskassa.

Det vert vurdert som rimeleg at opptjente lisensinntekter skal tilfalle forskarane ved Havforskningsinstituttet, og at midlane derfor bør løyvast på nytt.

På denne bakgrunn vert det fremma forslag om å auke løyvinga på kap. 1020 post 01 med 2,2 mill. kroner i 2008.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Havforskningsinstituttet har dei seinare åra hatt ein betydeleg vekst i den eksterne oppdragsvirksomheten. Også i 2008 vil oppdragsverksemda auke utover dei overslaga som vart gjort ved fastsetting av inntekts- og utgiftssida i 2008.

For å ivareta omsynet til realistisk budsjettering må det gjerast ei justering av inntekts- og utgiftssida på dei kapitlar og postar i 2008 som er knytt til bruttobudsjettering av Havforskningsinstituttets oppdragsverksemd.

Samla er det nødvendig å gjere desse endringane som framgår av tabell 1.1:

På bakgrunn av dette vert det fremma forslag om at kap. 1020 post 21 Spesielle driftsutgifter skal aukast med 70 mill. kroner i 2008, mot ein tilsvarende auke av kap. 4020 post 03 Oppdragsinntekter.

Post 70 (Ny) Tilskot til nedskriving av aksjekapital i Protevs AS

Ved etableringa av selskapet Protevs AS vart det i statsbudsjettet for 2002 løyva til saman 660 000 kro-

Tabell 1.1

Kap./post	Gjeldande løyving 2008	Forslag til auke/reduksjon	Forslag til ny løyving for 2008
1020/21	260 750 000	70 000 000	330 750 000
4020/03	260 750 000	70 000 000	330 750 000
1021/21	52 150 000	5 000 000	57 150 000
4021/01	52 150 000	5 000 000	57 150 000

Kap. 1020, 1021, 1062, 1070, 4020, 4021, 4062

ner i aksjekapital, likt fordelt på kap. 1020 post 90 og kap. 1023 post 90, knytt til Havforskningsinstituttet og NIFES sin samla eigarandel på 66 pst. av selskapet. Resterande aksjekapital på 340 000 kroner stod Universitetet i Bergen for, slik at samla aksjekapital i selskapet var 1 mill. kroner.

Selskapet vart etablert i ei tid då dei økonomiske utfordringane i havbruksnæringa etter kvart vart store. I tillegg vart prosessen knytt til det som i dag er blitt det nye forskingskonsernet Nofima AS sett i gang. Samla sett bidrog dette til at selskapet ikkje har fått opp den nødvendige aktiviteten som var tenkt ved etableringa. Samtidig vil Nofima kunne ivareta dei viktigaste intensjonane ved selskapet.

Eigarane er derfor einige om at det mest tenlege vil vere å gjennomføre ei styrt avvikling av selskapet. Avvikling er vedtatt på ekstraordinær generalforsamling, med atterhald om fullmakt frå Stortinget, og dei formelle avviklingsprosedyrene er sette i gang. Det er venta at selskapet vil vere avvikla innan utgangen av 2008. Det er også venta at store deler av aksjekapitalen i selskapet vil vere tapt. Det føreligg likevel ikkje endeleg oversikt over eventuell attverande aksjekapital etter at alle kostnader er dekte inn. Det bør derfor takast høgde for at heile aksjekapitalen vil vere tapt.

Budsjetteknisk vert det foreslått at dette vert handtert gjennom å fremme forslag om å løyve eit tilskot til nedskriving av aksjekapitalen i Protevs AS på 1 mill. kroner over kap. 1020 post 70 (Ny) Tilskot til nedskriving av aksjekapital i Protevs AS, med tilsvarende inntektspost kap. 4020 post 96 (Ny) Aksjepost i Protevs AS.

På denne bakgrunn vert det fremma forslag om å løyve 1 mill. kroner i 2008 på kap. 1020 post 70 (Ny) Tilskot til nedskriving av aksjekapital i Protevs AS.

Kap. 1021 Drift av forskingsfartøya

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Det vert vist til omtale under kap. 1020 post 21 over. Det vert fremma forslag om at kap. 1021 post 21 Spesielle driftsutgifter vert auka med 5 mill. kroner i 2008, mot ein tilsvarende auke av kap. 4021 post 01 Oppdragsinntekter.

Kap. 1070 Loran-C

Post 01 Driftsutgifter

Som følgje av auka kostnader knytt til flytransport, auka oljeprisar til drift av straumaggregat og nødvendige oppgraderingar av Loran-C, vert samla kostnader til drift av samfunnet Jan Mayen og

Loran-C rekna til å verte om lag 2 mill. kroner høgre enn løyvinga på kap. 1070 post 01.

På bakgrunn av dette vert det fremma forslag om at kap. 1070 post 01 Driftsutgifter skal aukast med 2 mill. kroner i 2008.

Kap. 4020 Havforskningsinstituttet

Post 03 Oppdragsinntekter

Det vert vist til omtale under kap. 1020 post 01.

På bakgrunn av auka oppdragsverksemda vert det fremma forslag om å auke løyvinga på kap. 4020 post 03 Oppdragsinntekter med 70 mill. kroner i 2008.

Post 96 Aksjepost i Protevs AS

Det vert vist til omtale under kap. 1020 post 70.

Det vert fremma forslag om å løyve 1 mill. kroner i 2008 på kap. 4020 post 96 (Ny) Aksjepost i Protevs AS knytt til avvikling av Protevs AS.

Kap. 4021 Drift av forskingsfartøya

Post 01 Oppdragsinntekter

Det vert vist til omtale under kap. 1020 post 01.

På grunn av auka oppdragsverksemd vert det fremma forslag om å auke løyvinga på kap. 4021 post 01 Oppdragsinntekter med 5 mill. kroner i 2008.

Kap. 4062 Kystverket

Post 01 Gebyrinntekter

Som følgje av lønskompensasjonen for 2008 er det behov for å auke løyvinga på kap. 4062 post 01 med 17,8 mill. kroner. Det vert derfor fremma forslag om at løyvinga på kap. 4062 post 01 skal aukast med 17,8 mill. kroner i 2008.

2 Orienteringssaker til Stortinget

Handtering av vraka «Murmansk» og «Welheim»

Kystverkets ekstraordinære kostnader til vurdering av korleis vraket etter «Murmansk» skal handterast er rekna til 2,5 mill. kroner. For å dekkje desse kostnadene er det ved kgl.res. gitt fullmakt til å overskride kap. 1062 post 01 i 2008 med inntil 2,5 mill. kroner i 2008.

I samband med revidert budsjett 2008 vart det løyvd til saman 49 mill. kroner på kap. 1062 post 21 for å dekkje resterande kostnader på 24 mill. kroner knytt til tømminga av «Nordvard» og for å dekkje venta kostnader til tømminga av olje frå vra-

ket «Welheim» på 25 mill. kroner. Etter ein tilbods-
runde har det vore nødvendig å auke overslaget
over kostnader til tømninga av «Welheim» med 7,5
mill. kroner, til 32,5 mill. kroner. For å dekkje dei
venta meirkostnadene på 7,5 mill. kroner er det
gjort følgjande omdisponeringar innanfor løyvinga
på kap. 1062 post 21:

- 3,5 mill. kroner i ubenyttede midlar frå Server-
aksjonen som er omdisponert til tømninga av
«Welheim».
- Kostnadene knytt til tømninga av «Nordvard»
vart 2 mill. kroner lågare enn rekna, og desse
ubenyttede midlane er omdisponerte til tøm-
minga av «Welheim».

Resterande meirkostnader på 2 mill. kroner er
dekte inn ved at Finansdepartementet innanfor
sine fullmakter har gitt samtykke til å overskride
kap. 1062 post 21 med inntil 2 mill. kroner i 2008.

Fiskeri- og kystdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
endringar i statsbudsjettet for 2008 m.m. under Fis-
keri- og kystdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2008 m.m. under Fiskeri- og kystdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2008 m.m. under Fiskeri- og kystdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1020		Havforskningsinstituttet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 272 510 000 til kr 274 710 000	2 200 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kr 260 750 000 til kr 330 750 000	70 000 000
	70	(Ny) Tilskot til nedskriving av aksjekapital i Protevs AS, blir løyvd med.....	1 000 000
1021		Drift av forskingsfartøya	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kr 52 150 000 til kr 57 150 000	5 000 000
1070		Loran-C	
	1	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 29 450 000 til kr 31 450 000	2 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4020		Havforskningsinstituttet	
	3	Oppdragsinntekter, blir auka med frå 260 750 000 til 330 750 000	70 000 000
	96	Aksjepost i Protevs AS, blir løyvd med	1 000 000
4021		Drift av forskingsfartøya	
	1	Oppdragsinntekter, blir auka med frå kr 52 150 000 til kr 57 150 000	5 000 000
4062		Kystverket	
	1	Gebyrinntekter, blir auka med..... frå kr 629 763 000 til kr 647 563 000	17 800 000